

---

Saksnr: 2020/36709-12  
Saksbehandlar: Torill Klinker  
Dato: 01.07.2020

---

---

**Til:** Hovudutval for samferdsle og mobilitet

---

**Frå:** Fylkesdirektør for mobilitet og kollektivtransport

---

## Vidareutvikling av nullvekstmålet

I tråd med bompengeavtalen frå 2019 har regjeringa no fastsett eit vidareutvikla nullvekstmål:

*I byområdene skal klimagassutslipp, kø, luftforurensning og støy reduseres gjennom effektiv arealbruk og ved at veksten i persontransporten tas med kollektivtransport, sykling og gange.*

Det vidareutvikla nullvekstmålet er i seg sjølv i tråd med dei føringane som ligg i byvekstavtalen, og vil ikkje medføre endringar for det vidare arbeidet.

Registrering og rapportering på måloppnåing av nullvekst innanfor avtaleområdet er derimot endra. Dei viktigaste endringane er som følgjer:

- I gjeldande indikatorsett for byvekstavtalen er det to likestilte målindikatorar: trafikkarbeid (antal køyretøykilometer med personbil) og årsdøgntrafikk for lette køyretøy (ÅDT, dvs. gjennomsnittleg antal køyretøy pr døgn i løpet av året). Trafikkarbeidet vert målt innanfor heile avtaleområdet gjennom reisevaneundersøkinga (RVU). Dette er eit mål på omfanget av trafikken og tek høgde for reisa si lengd, som igjen påverkar klimagassutleppa. ÅDT vert målt i tellepunkt som i all hovudsak ligg på sentrale innfartsårer og i sjølve byområdet.

Regjeringa viser til at trafikkkveksten bør avgrensast der den er eit reelt problem. Trafikkteljningar vil difor vera hovudindikatoren for oppfylginga av det vidareutvikla nullvekstmålet. Reisevaneundersøkinga gjev verdifull informasjon om transportutvikling og befolkninga sine reisevanar, og er et nyttig verktøy for å følge utvikling av trafikken særleg i ytre del av byområda. Trafikkarbeid skal difor inngå som støtteindikator.

- Innanfor avtaleområdet vert det innført sonar for oppfølging av målet. Den mest sentrale delen av byområdet utgjer den indre sona med eit større antal tellepunkt. I den midtre sona mellom den mest sentrale delen av byområdet og definerte vekstområde vert det plassert tellepunkt på sentrale innfartsårer samt i eller i nær tilknytning til vekstområda. Begge sonane utgjer område der omsyna bak nullvekstmålet er til stades. Den ytre sona omfattar meir spreidtbygde strom, der det kan godtgjerast at omsyna bak nullvekstmålet ikkje er til stades gjennom regional plan.
- Inndeling i sonar og plassering av tellepunkt i det einskilde avtaleområdet skal avklårast gjennom forhandlingar om byvekstavtalar i tråd med føringane i punkta over. Regional plan vil vera et viktig grunnlag.